

## Fin markering ved Bautasteinen.

17.05.2015



Særdeles flinke 5.klassingar under opplesinga ved Bautasteinen.

**Fleire har bemerkta den flotte innsatsen den yngre garde gjorde for å gjera 17.mai til den festdagen det skal vera. Det er ein velfortent ros til dei unge. Det starta ved Bautasteinen, og heldt fram i ulike samanhengar utover dagen.**



5-klassingane imponerte ved bautasteinen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mange meinte markeringa ved Bautasteinen var ekstra fin i år. Som vanleg sytte veteranane i musikklaget for ramma med nasjonalsongen, fedrelandssalmen og marsjmusikk. Resten sytte ungdommane for. 7.klassingane Hanna Tvilde og Thea Soltveit Taranger leia markeringsprogrammet på ein flott måte. Tradisjonen tru var det 5.klasse som stod for opplesinga av det svært passende diktet til Olaf Agnar Gausvik. Alle les framifrå! I tillegg hadde også 17.maikomiteen sikra god lyd.

Etter minnemarkeringa sytte skulemusikken for musikk i folketoget. Jammen var dei flinke!! Dei let seg ikkje affisera av regnet og det kalde veret. Dei imponerte mange i dag, og det var ikkje få som snakka om den flotte framgangen dei hadde hatt.

Også under leikane ved skulen var det ungdommar som var flinke å hjelpa til, og dessutan var dei flinke å setja farge på dagen ved å delta i leikane med godt humør!





[Allsidige Thea og Hanna leia programmet ved Bautasteinen](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Foto: Randi Teigen Døsland